



Atskana song for vertskapet då dei kom til Uskedalen i natt. Til venstre leiar for Røyserett for alle Svein Rimestad. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Etter ein lang og hard båt- og bussreise kom blandakoret Atskana frå Riga til Uskedalen ved to-tida inatt.**

**Dei 47 gjestane vart innkvartert hos medlemene av vertskoret Røyserett for alle - på strekinga frå Omvikdalen til Herøysund.**

**Men latviarane var ikkje meir utsletne enn at dei spanderte ein frisk velkomstsang på vertskapet!**



Leiar Svein Rimestad ønsjer dirigent Ginta Petersone velkomen til Uskedalen i natt. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fredag føremiddag er det eit enkelt 'velkomsttreff' i 'basen' Helgheim og etter øving går turen til Husnes og deltaking i 1. mai-arrangementet i Kulturhuset.

Riga-koret er eitt av dei beste i hovudstadorrådet og vil imponera mange under opphaldet her i Kvinnherad.

Ein organisasjon som heiter Musica Mundi opererer med ei rankingliste over dei tusen beste kora i verda og her ligg Atskana som nummer 638.

Ikkje overraskande er det eit latvisk kor som toppar lista - Jauniesu Koris Kamer.

Lista inneheld 18 latviske kor.

Men faktisk har Noreg nesten dobbelt så mange med, nemlig 27, og det beste av dei er Damenes Aften på attandeplassen.

Av Ola Matti Mathisen



Røysterett for alle øvde i Aktivitetshuset før gjestene frå Latvia kom. (Foto: Ola Matti Mathisen)